

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Tilsvar til høyringsuttale frå Sykkylven jeger og fiskeforening

Det er direkte feil når Sykkylven jeger og fiskeforening hevder at Aurdalselva har vore oppvekstområde for anadrome fiskeslag i all tid. Det er fyrst i dei siste 30-40 åra at det har vore oppservert laks i nedre deler av elva og det er først etter at Aureelva Elveeigarlag begynte å sette ut lakseyngel oppover i elva at mengda av laks og lakseyngel har auka i dei nedre delane av elva.

Det er også direkte feil når det vert hevda at det ikkje er teke omsyn til moglege konsekvenser ved utfall av kraftverket. Det vil verte installert ei forbisleppanordning som vil sleppe vatnet forbi turbinen ved eit utilsikta utfall av kraftverket.

Dette i tillegg til den planlagde minstevassføringa meiner utbyggerane er tilstrekkelige tiltak for å bevare eit godt akvatisk miljø i elva. Ein må også vere oppmerksam på at vassføringa i deler av året vil vere større enn minstevassføringa antan på grunn av at kraftverket står eller at vassføringa er større enn slukeevna og at kraftverket difor ikkje kan ta unna alt vatnet.

Sykkylven jeger og fiskeforening peikar også på situasjonen for sjøauren. Utbyggerane vil her minne om rapporten frå Rådgivande Biologar AS som fastslår at sjøaure ikkje fins ovanfor Storhølen i Aureelva.

Sykkylven jeger og fiskeforening er også innstilt på at kraftverket skal påleggast erstatningsansvar ved stopp i kraftverket. Dette er ein uakseptabel påstand som er heilt urealistisk og manglar rot i verklegheita.

For Aurdalselva Fallrettslag SA

Karl Skotte
Leiar